

Sitep AS  
Postboks 126

6881 ÅRDALSTANGEN

**Dato**  
LEIKANGER, 05.07.2018

## Tilskotsbrev – investering i utstyr i øvingsfabrikk

### Tilsegn – lovnad om tilskot

Vi viser til søknaden datert 05.06.2018. Der søker de om kr. 5 000 000 i tilskot frå fylkeskommunen til etablering av øvingsfabrikk. Føremålet med prosjektet er investering i maskiner/utstyr og software til øvingsfabrikken. De har i søknad av 28.05.2018 også søkt om 2,4 mill kr til utvikling av konseptet for teknologisenter og øvingsfabrikk.

Fylkestinget gjorde i møte den 12.06.2018 i si sak 30/18 følgjande vedtak:

«Fylkestinget set av ei ramme på 5 millionar i tertial til søknadene frå Sitep AS i Årdal. Søknadane må avklarast opp mot statsstøtteregulverket. Fylkesrådmann får fullmakt til å utbetale støtta etter desse avklaringane. Tilskotet vert finansiert frå bufferfondet».

Vi har fått melding frå dykk om at dei avsette 5 mill kr skal nyttast til utstyr i øvingsfabrikken, jf søknad av 5.06.2018. Dei avsette 5 mill kr vert følgjeleg tildelt til investering av utstyr til øvingsfabrikken, jf nemnde søknad. Med utgangspunkt i dei avsette 5 mill vert det no ikkje tildelt midlar til den andre søknaden, dvs søknad av 28.05.2018 som gjeld utvikling av konseptet for teknologisenter og øvingsfabrikk.

### Som ei oppfølging av fylkestinget sitt vedtak vert det gjort følgjande tildeling: Sitep as av vert tildelt kr 5 000 000 til investering i utstyr til øvingsfabrikken.

Sogn og Fjordane fylkeskommune syner elles til dialog kring prosjektet der det vart klargjort at det ikkje er knytt utviklingsaktivitetar til denne delen av prosjektet. Tilskotet kan berre nyttast til kostnader knytt til investering i maskiner/utstyr og software i øvingsfabrikken.

Saksframstillinga er offentleg, og de finn denne på [www.sfj.no](http://www.sfj.no). Her finn de nærare informasjon om vurdering og grunngjeving for vedtaket. Du har rett til å sjå alle dokument i saka. Eventuelle spørsmål i tilknytning til dette brevet kan rettast til sakshandsamar.

Tilsegna gjeld for omsøkte prosjektperiode 2018-2020.

Sitep AS er støttemottakar av tilskot etter dialog med Årdal Utvikling.

Tilskotet er tildelt på grunnlag av gruppeunntaket sin artikkel 27 i statsstøtteregulverket, som gjeld støtte til innovasjonsklynger.

### Kostnads- og finansieringsplan

Følgjande kostnads- og finansieringsplan vert lagt til grunn for tilskotet:

#### Kostnadsplan

| Tittel                  | 2018      | 2019      | 2020      | Sum        |
|-------------------------|-----------|-----------|-----------|------------|
| CP factory/utstyr Festo | 4 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | 6 000 000  |
| Maskiner/utstyr         | 1 500 000 | 2 000 000 | 1 000 000 | 4 500 000  |
| System/software         | 500 000   | 1 500 000 | 1 500 000 | 3 500 000  |
| Sum                     | 6 000 000 | 4 500 000 | 3 500 000 | 14 000 000 |

#### Finansieringsplan

| Tittel                 | 2018      | 2019      | 2020      | Sum        |
|------------------------|-----------|-----------|-----------|------------|
| Anna off. finansiering |           | 500 000   | 1 500 000 | 2 000 000  |
| Privat finansiering    | 3 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 | 7 000 000  |
| Tilskot fylkeskommunen | 3 000 000 | 2 000 000 |           | 5 000 000  |
| Sum                    | 6 000 000 | 4 500 000 | 3 500 000 | 14 000 000 |

Tilskotet frå Sogn og Fjordane fylkeskommune utgjør 35,71% av totalkostnad.

Tilskotet vert dekkja med midlar på næring og kultur sitt budsjett for 2018, tenesteområde 7015 nyskaping (etter at dette tenesteområdet vart styrka med 5 mill kr i samband med tertialrapport 1/18, jf omdisponering av midlar frå bufferfondet).

Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn for tilskotet at det vert utarbeidd ein abonnementsmodell for brukarbetaling for tilgang til utstyr og ressursar i Sitep AS som ikkje fråvik frå Norsk katapult sine standardar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn for tilskotet at det vert jobba aktivt for at fasilitetar og kompetanse i Sitep AS vert gjort tilgjengeleg for flest mogeleg bedrifter i regionen uavhengig av bransje. Tilgang til klynga sine lokale og fasilitetar skal gjevast på ein transparent og ikkje-diskriminerande måte.

Summen av offentleg støtte til finansiering av kostnadane som kjem fram av kostnadsplanen kan ikkje overstige 50% av det omsøkte kostnadsgrunnlaget.

Sogn og Fjordane fylkeskommune skal ha ein årleg statusrapport om arbeidet med etablering og oppstart av Sitep AS i perioden 2018 - 2020. Frist for levering av årleg statusrapport er 1. februar i perioden.

### **Tilskotet vert gjeve på følgjande vilkår:**

#### **Aksept og endringar**

- Arbeidet må ikkje setjast i gang før prosjektet er fullfinansiert.
- De må skriftleg stadfeste innan 30.10.2018 at tilsegna er motteken og at det er aktuelt å gjennomføre prosjektet på dei vilkåra som er sette i dette brevet. De skal saman med stadfesting på motteken tilsegn, sende inn oppdatert kostnads- og finansieringsplan om det er endringar i denne. Bruk vedlagde skjema.
- Endringar er naturlege i utviklingsarbeid. Dersom det vert større endringar i prosjektet som mellom anna medfører endringar i kostnads- og finansieringsplan, må de søkje Sogn og Fjordane fylkeskommune om å få godkjent endringa i høve tilskotet.
- Tilsegna er tidsavgrensa. Tilsegna er gyldig til 01.06.2021. Tilskotet fell bort dersom fylkeskommunen ikkje har motteke stadfesting av tilskot og vilkår og oppmoding om første utbetaling innan fristen.
- Det skal førast spesifisert rekneskap for kostnadane. Rekneskapen skal setjast opp slik at den kan jamførast med endeleg kostnads- og finansieringsplan. Dersom arbeidet ikkje vert utført i planlagt omfang eller til kalkulert kostnad, vil tilskotet verte tilsvarande avkorta.

#### **Utbetaling**

- Stadfesting av tilskotsvilkår og utbetalingsoppmodningar skal sendast inn gjennom [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no).
- Fylkeskommunen kan utbetale inntil 25 prosent av tilskotet når tilskotsmottakar har akseptert vilkåra i dette brevet, og arbeidet har starta opp. Dette vert gjort når de har sendt inn signert skjema for stadfesting, vedlagt, og sendt inn oppmoding om første utbetaling.
- Fylkeskommunen kan betale ut dei neste 50 prosent av tilskotet når vi har motteke dokumentasjon på faktiske utgifter (dømesvis utdrag frå rekneskapsystem) på 75 prosent av totalkostnadane i prosjektet.
- Den siste delen av tilskotet kan først utbetalast når aktiviteten er fullført, sluttrapport og revisorstadfesta rekneskap er sendt inn til fylkeskommunen. Fylkeskommunen tek då stilling til om tilskotet skal utbetalast. For ikkje revisjonspliktige føretak kan autorisert rekneskapsfører stadfeste rekneskapen. Oppmoding om sluttutbetaling vert å sende snarast muleg etter prosjektslutt, seinast innan tre månader etter at prosjektet er avslutta. Etter denne dato vil tilskotet verte inndrege.
- I særskilte høve kan prosjektet etter skriftleg søknad til Sogn og Fjordane fylkeskommune få forlenga fristen for utbetaling av tilskotet.
- Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast tilbake utan opphald.

#### **Profilering**

- I skriftlege og munnlege framstillingar av prosjektet forpliktar tilskotsmottakar seg til å nemne at prosjektet er delfinansiert av Sogn og Fjordane fylkeskommune.

#### **Rapportering og kontroll – Sogn og Fjordane fylkeskommune**

- Det må lagast ein sjølvstendig sluttrapport som skal sendast fylkeskommunen når prosjektet vert avslutta. Arbeid må gjennomførast og rapporterast i samsvar med framdriftsplanen og godkjent kostnadsplan. I sluttrapporten skal det kome klart fram dei ulike finansieringskjeldene i prosjektet. Det skal også rapporterast i høve prosjektmål, avvik og oppnådde resultat.
- Fylkeskommunen har til ei kvar tid høve til å kontrollere at de held vilkåra for tilskotet. De pliktar å gje dei opplysningane som fylkeskommunen ber om. Mottakar er sjølv pliktig til å kontrollere at den utbetalte summen er korrekt.

**Klage:** De har høve til å klage på vedtaket innan tre veker etter at de har motteke dette brevet. Ein eventuell klage sender de til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Nærare opplysningar om retten til å klage finn du i vedlagte skjema. Meir utfyllande informasjon finn du i Klagehandboka på [www.sfj.no](http://www.sfj.no). Har du fleire spørsmål om dette kan du kontakte sakshandsamar.

Stadfesting av tilskotsvilkår skal leggast inn på [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no).

Eventuelle spørsmål i tilknytning til dette brevet kan rettast til sakshandsamar.

Med helsing

Endre Høgalmen  
ass. fylkesdirektør, næring og kultur

Egil Henning Ytrøy  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

#### Vedlegg:

Skjema for stadfesting av tilskotsvilkår  
Klageskjema

#### Kopi til:

Anne Silje Sylvarnes



Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 Leikanger

### Stadfesting av tilskotsvilkår

Syner til motteke tilskotsbrev datert ..... og med saksnummer .../..... der det vert gjeve ..... kr i støtte til .....

|  |                          |
|--|--------------------------|
| Vi aksepterer vilkåra i tilskotsbrevet. Kryss av | <input type="checkbox"/> |
|--|--------------------------|

#### FINANSIERING, ALTERNATIV 1:

|   |                          |
|---|--------------------------|
| Vi stadfestar at prosjektet er fullfinansiert og vert gjennomført i samsvar med søknaden. Kryss av: | <input type="checkbox"/> |
|---|--------------------------|

#### FINANSIERING, ALTERNATIV 2:

Det vert gjort større endringar i prosjektet. Forklar kvifor og kva endringane går ut på: (Bruk vedlegg ved behov for meir plass)

|   |                          |
|---|--------------------------|
| Kostnads- og finansieringsplan er vedlagt. Kryss av | <input type="checkbox"/> |
|---|--------------------------|

|  |                          |
|--|--------------------------|
| Vi stadfestar at revidert kostnadsplan er fullfinansiert. Kryss av | <input type="checkbox"/> |
|--|--------------------------|

#### Fyll ut informasjon:

|                      |  |
|----------------------|--|
| Namn:                |  |
| Adresse:             |  |
| Postnummer og stad:  |  |
| Organisasjonsnummer: |  |
| Bankkonto:           |  |

Stad:

Dato:

-----  
Underskrift

Sak nr.: 18/6572-6

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

**MELDING OM RETT TIL Å KLAGE OVER FORVALTNINGSVEDTAK**

|   |   |   |
|---|---|---|
| 1 | Namnet på forvaltningsorganet/underinstans: |   |
| 2 | Mottakar/part:                              |   |
| 3 | Klageinstans:                               |   |
| 4 | Dato for utsendt vedtak:                    |   |
| 5 | Adresse for innsending av klage:            | Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2,<br>6863 Leikanger, eller<br><a href="mailto:post@sfj.no">post@sfj.no</a> |

Du har rett til å klage over vedtaket.

Du kan klage til klageinstansen, dvs. det organet som er nemnt i rubrikk 3 ovanfor. Men klaga skal fyrst handsamast av underinstansen. Underinstansen er vanlegvis det organet som gjorde vedtaket det vert klaga på (jf. rubrikk 1). Dersom ikkje dette organet endrar vedtaket sitt som følgje av klaga, vil klaga bli sendt vidare til klageinstansen for å bli avgjort der.

Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt innan fristen er ute. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, ber vi deg oppgje når du fekk denne meldinga.

Dersom klaga blir sendt for seint, kan saka bli avvist. Har du særleg grunn til det, kan du likevel søkje om å få klagefristen forlenga. Du bør då i tilfelle opplyse kvifor klaga er forseinka.

Dersom du ikkje har fått grunngjeving for vedtaket, kan du setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunkt du får grunngjevinga.

I klaga skal du skriva kva for eit vedtak du klagar på, og nemne den eller dei endringane som du ønskjer. Du skal også grunngje kvifor du klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telje med når klaga skal vurderast.

Klaga skal underskrivast av klagaren.

Sjølv om du har klagerett, kan vedtaket vanlegvis setjast i verk straks. Du kan likevel søkje om å få dette utsett til klagefristen er ute, eller til klaga er avgjort.

Med visse avgrensingar har du rett til å sjå saksdokumenta. Du må i så fall vende deg til det forvaltningsorganet som har sendt deg denne meldinga, jf. rubrikk 1. Der kan du også få nærare rettleiing om klageretten, om korleis du skal gå fram når du klagar og om reglane for sakshandsaminga elles.